



OSTERØY KOMMUNE
Offentleg servicekontor

Arbeids- og sosialdepartementet
PB 8019 Dep
0030 OSLO

Is- og sosialdepartementet	
200400403	98
Arkivkode: 416.9	Dato: 02.11.04
Avd.: SAP	Saksbeh.
U.off.:	

Dykkar ref.:

Vår ref.:
04/1452-6 RAVA

Arkiv:
N-320

Lonevåg
29.10.04

HØYRINGSUTTALE TIL NOU 2004:13 EN NY ARBEIDS OG VELFERDSFOLVALTNING

Osterøy Kommune meiner ei samordning av Aetat, trygdeetat og sosialteneste er nødvendig for å utvikle ei meir effektiv og brukarretta velferdsforvaltning. Målet må vera å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på trygd og sosialhjelp. Kommunal modell stimulerer til ei reell arbeidslinje. Kommunalt velferdsansvar gir legitimitet blant innbyggjarane og lokal innsats for å realisere arbeidslinja. Samordning, som kommunar har mykje erfaring med, kan skje relativt raskt i kvar kommune og velferdsforvaltninga vert ein del av eit heilskapleg ansvar. Det aukar motivasjonen for å gi brukarane effektiv bistand og tilpasse virkemidlane. Kommunal modell ivaretek brukarane sine behov og vil vera eit tilbod i alle kommunar. Den gir nærleik til brukarane og gir gevinstar i forhold til samarbeid med lokalt næringsliv, utdanning, andre kommunale tenester, lag og organisasjonar.

Forslaget til organisasjonsmodell i NOU 2004: 13 løyser ikkje "kasteballproblematikken", skapar "gråsonar" mellom etatane og jobbsøkarstønaden vil gje uheldige verknader. Det er usikkert om modellen vil gi gode nok tilbod lokalt i kvar kommune.

Pensjonsforvaltninga kan vera statleg, men deler av oppgåvene kan offentlege servicekontor ivareta lokalt.

Osterøy Kommune har etablert offentleg servicekontor saman med statlege etatar og er i gang med samordningsforsøk. Kommunen koordinerer og legg til rette for eit heilskapleg tilbod og samarbeid med lokalt næringsliv, utdanningsinstitusjonar, andre kommunale tenester, lag og organisasjonar. Tilbodet er brukarretta, effektivt og motiverer til auka innsats for ei reell arbeidslinje.

Med helsing

Åse Elin Myking
Åse Elin Myking

